



# KULTURTILBOD



**KULTURKOMMUNEN  
BJØRNAFJORDEN**

**BJØRNAFJORDEN**



KOMMUNE

# KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSLIV I BJØRNAFJORDEN

## INNHOLD

<b>Vi heiar på kulturen!</b>	side 4
<b>Bjørnafjorden bibliotek</b>	side 6
<b>Kultur for alle</b>	side 8
<b>Frivilligsentral</b>	side 10
<b>Ung Arena</b>	side 12
<b>BUA utstyrssentral</b>	side 14
<b>Friluftsliv</b>	side 16
<b>Idrettskommunen</b>	side 20
<b>Kulturarv og historie</b>	side 24
<b>Rikt lagsliv</b>	side 28
<b>Oseana kunst- og kultursenter</b>	side 30
<b>Bjørnafjorden kulturskule</b>	side 32
<b>Samarbeidspartnarar</b>	side 34

### Gode bjørnafjording

Bjørnafjorden kommune har eit levande og allsidig kulturliv. Kommunen, private aktørar og ein variert flora av frivillige lag og organisasjonar tilbyr eit mangfold av kultur- og idrettsaktivitetar for bjørnafjordingar i alle aldrar. I kommunen vår finst noko som passar for dei aller fleste, uavhengig av interesser, alder og behov for tilrettelegging.

Her presenterer vi eit utval av aktivitetar og tilbod. Vil du veta meir om kva som rører seg innanfor kultur, idrett, friluftsliv og frivilligheit i Bjørnafjorden? Hald deg oppdatert på [bjornafjorden.friskus.com](http://bjornafjorden.friskus.com) og [bjornafjorden.kommune.no](http://bjornafjorden.kommune.no)

**Erik Vangsnes**  
Kultursjef





Foto: Fransisco Munoz/  
Bjørnafjorden kommune

# VI HEIAR PÅ KULTUREN!

Bjørnafjorden har mykje å by på både av kultur og natur. Landskapet går frå den vakraste skjergard i vest til høgfjell i aust, og overalt i den flotte kommunen vår er det eit yrande kulturliv, mykje takk vere ein enorm frivillig innsats. Mange frivillige lag samarbeider med kultureininga i kommunen, som jobbar med noko av det som gir liva våre innhald og farge – kulturarv, BUA, bibliotek, frivilligsentral, fritidstilbod for dei med nedsett funksjonsevne, støttekontakttilbod, tilrettelegging for friluftsliv og felles 17. mai-feiring, for å nemna noko.

I vårt eige flotte Oseana kunst- og kultursenter kan du oppleva scene-kunst, konserter og utstillingar av høg kvalitet. Dersom du har song, musikk eller dans som hobby, har du kanskje

stått på den store scena sjølv. Det er stas at det lokale amatørkulturlivet kan få utfalda seg i heilprofesjonelle omgivnader.

Kommunen driv klubbar og arrangerer samlingar for ulike grupper. Slike møtestader er viktige for trivsel og livskvalitet. Det same er idrettsanlegga våre, som omsider er i full drift att etter pandemien. Det er godt å sjå at barn og unge kan samlast og driva med idretten sin. Fysisk aktivitet er bra for folkehelsa. Her er både idrett og friluftsliv viktig. Derfor er eg så glad for at vi har fått BUA i Bjørnafjorden! Hos BUA kan du og familien din låna utstyr til tur og uteaktivitetar, heilt gratis. Freistar det å prøva SUP-brett, hengekøye, frisbeegolf, slalåm eller ishockey? Stikk innom BUA!

Imponerande mange frivillige og profesjonelle gjer ein enorm innsats for kultur, idrett og friluftsliv i Bjørnafjorden kvar einaste dag.

**Tusen takk for at de stiller opp både til kvardags og fest!**

**Trine Lindborg**

Ordførar






Foto: Fransisco Munoz/  
Bjørnafjorden kommune





# BJØRNAFJORDEN BIBLIOTEK

Bjørnafjorden bibliotek finn du på Osøyro og i Eikelandsosen. Biblioteket er ein fortreffelag møteplass. Slå deg ned med ein kopp kaffi, aviser og tidsskrift, og bli så lenge du vil. Her finn du teikneseriar, barnebøker, skjønnlitteratur og faglitteratur om det aller meste, og med lånekort på biblioteket har du tilgang til e-bøker, lydbøker og film – heilt gratis.



**På biblioteka kan du mellom anna få med deg:**

- bokprat og forfattartreff
- barneteater og andre aktivitetar for barn
- Sommarles

**Her kan du:**

- få hjelp til å finna lesestoff og informasjon
- bruka studieplassar og grupperom
- låna møterom til lag og foreiningar
- logga deg på gratis Wi-Fi
- Meirope på Osøyro – signer kontrakt og bruk biblioteket utanom opningstid
- Lokalhistorisk arkiv
- Digitale biletksamlingar

**Velkommen! Følg oss på Facebook og Instagram  
[bjornafjordenbibliotek.no](http://bjornafjordenbibliotek.no)**

# KULTUR FOR ALLE

Bjørnafjorden kommune har eit kulturtilbod som når ut til ulike aldersgrupper. Frå «Musikk frå første stund» i kulturskulen til «Kunst og demens» på Oseana.

**Fritidsklubbane** for menneske med nedsett funksjonsevne har vore i drift i 30 år. Klubbane er aktive, sosiale og inkluderande møtestader og ein kulturarena som er ein viktig del av kvarldagen til medlemane. I tillegg til vanlege klubbkveldar reiser medlemane ofte på tur og besøk rundt om i Bjørnafjorden og til nabokommunane.

Torsdagsklubben på Os har om lag 70 medlemmar, og Fritidsklubben i Eikelandssosen har 20–25 medlemmar. Fleire gonger i året møtest dei to klubbanne til felles dansegalla, karneval eller liknande.

I tillegg finst det eit idrettstilbod til målgruppa i regi av idrettslag på begge sider av fjorden. **bjornafjorden.kommune.no/tilrettelagt-fritid**

**Den kulturelle spaserstokken** tilbyr eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod til eldre både på og utanfor institusjon. Det blir arrangert konserter og kulturopplevelsingar for Luranetunet bu- og behandlingssenter og Fusa bu- og behandlingssenter, på dagsentera, på biblioteka og i Oseana kunst- og kultursenter. På Oseana har vi tilbodet med «Kunst og demens» og det årlege arrangementet «Trygg i Bjørnafjorden». **bjornafjorden.kommune.no/spaserstokk**


**Digihjelpa** er ei viktig satsing for å få alle med i den digitale kvarldagen. Opplegget har blitt gjennomført i tett samarbeid med frivilligsentralane, biblioteket, eldreråd og pensjonistforeiningar.

**Støttekontakttenesta** er ei anna svært viktig hjelpe for mange til å kunna delta i samfunnet og kulturlivet. Ein støttekontakt kan gå på besøk til brukaren, bli med på tur, kino, kafé, trening eller andre sosiale aktivitetar. Brukaren sine interesser og ønskje avgjer.

Det skal vera givande både å ha og å vera støttekontakt. Kan du tenka deg å bli støttekontakt? Les meir på **bjornafjorden.kommune.no/bli-støttekontakt**

Har du behov for støttekontakt? **bjornafjorden.kommune.no/sok-om-støttekontakt**

I aktivitetskalenderen Friskus finn du informasjon både om arrangement og kontaktinformasjon til ulike tilbod. **bjornafjorden.kommune.no/friskus**



# FRIVILLIGSENTRAL

Frivilligcentralen er ein møteplass som formidlar kontakt mellom menneske i lokalmiljøet – nokon treng hjelp og andre ønskjer å hjelpe. Frivilligcentralen er ein stad der du får glede av å bruka deg sjølv og sjå at andre blir glade. Det er berre fantasien som set grenser for kva som kan gjerast innan frivillige tenester.

I Bjørnafjorden er vi så heldige at vi har to frivilligcentralar: Fusa frivilligcentral, driven av Fusa sokn, og Os frivilligcentral, driven av Bjørnafjorden kommune. Begge sentralane har eigne styre.

Frivilligcentralane samarbeider med fleire organisasjonar og har eit variert aktivitetstilbod. Tilboda blir til alt etter kva dei frivillige ønskjer å hjelpe til med eller starta opp. Alle kan vera frivillig. Gjennom engasjement i frivillig arbeid får du nye vener og kjende. Det er inga bindingstid, og du bestemmer sjølv kor mykje du ønskjer å bidra.

Frivilligcentralen er ein koordinerande hjelpar for å få gjennomført idear frå frivillige. Har du noko eller nokon du brenn for, ta kontakt med frivilligcentralane! Mykje av aktiviteten i dei to frivilligcentralane overlappar. Sentralane har ansvar for kvar sin del av kommunen, og samarbeider tett om mellom anna koordinering

av TV-aksjonen, digihjelp for eldre, «Spisevenn»-prosjektet i samarbeid med pensjonistforeiningar, matgåveaksjon til jul, kulturelle og sosiale arrangement på sjukeheimane og organisering av aktivitetsvener i samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelse.

**[www.bjornafjorden.friskus.com](http://www.bjornafjorden.friskus.com)**





## **Os frivilligsentral**

- Hobbytreff kvar tysdag
- Ruslegruppe i Os sentrum annakvar onsdag
- Digitalhjelp for eldre
- Drift av BUA utlånnssentral av fritidsutstyr for barn, unge og vaksne
- Koordinerer TV-aksjonen
- Spiseven-prosjekt i samarbeid med vidaregåande skular, Os pensjonistforening m. fleire
- Musikkstund på avdelingane på Luranetunet
- Frivilligfest for alle frivillige hjelparar
- Møtestad med teikning og maling
- Aktivitetsvener i samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelsen
- Prosjektet «Leva heile livet»

## **Fusa frivilligsentral**

- Kafétreff i ulike bygder (Søre Fusa og Eikhovda/Fusa)
- Følgehjelp (lege/aktivitetar/undersøkingar m.m.)
- Open hall for ungdom
- Drift av bruktboutikken Bruktbuo
- Leksehjelp
- Feriekubb for barn i sommarferien
- Turgrupper for seniorar
- Walk & Run og basar til inntekt til brannskadde barn i Etiopia
- Handarbeidsklubb i Bruktbuo
- Øvingskøyring

Sjå og i aktivitetskalenderen  
Friskus der vi legg inn både aktivitetar og oppdrag:

[www.bjornafjorden.friskus.com](http://www.bjornafjorden.friskus.com)

# UNG ARENA

Ung Arena er ein møteplass og eit samtaletilbod for barn og unge mellom 13 og 20 år (f.o.m. 8. klasse). Ung Arena held til i Os Aktiv-bygget, like ved Os ungdomsskule.

Møteplassen skal vera ein trygg og positiv stad å vera etter skuletid, med aktivitetar og fellesskap som bidrar til meistring og kjensla av å høyra til.

*Ung Arena er ein stad der du kan snakka om det du har på hjartet. Ingen problem er for store eller for små.*

Vi ønskjer å tilby aktivitetar og tiltak for å styrka helse- og livskvaliteten til målgruppa. Tiltaka skal vera universelle, opne for alle, vera gratis og ha eit helsefremjande fokus. Møteplassen er stress-, press- og rusfri og er eit lågterskeltilbod der ungdom kan koma uansett grunn.


Vi vil at Ung Arena skal vera ein stad der alle ungdommar, med ulike utgangspunkt, skal kjenna seg velkomne. Nokon vil gjerne koma innom etter skuletid før dei skal vidare til andre aktivitetar, og nokon vil gjerne vera der fordi det er ein stad dei kan treffa andre ungdommar og trygge vaksne. I tillegg til at Ung Arena skal vera ein stad å vera og treffa andre, skal det òg vera ein stad der ungdommane kan få hjelp. Helsestasjon for ungdom er samlokalisert med Ung Arena Bjørnafjorden, og har ope to dagar i veka.

I Fjorden Arena i Eikelandsosen er det tilbod om open hall for ungdom.



Meir informasjon om opningstider og tilbod finn du på:  
**[bjornafjorden.kommune.no/ung-arena](http://bjornafjorden.kommune.no/ung-arena)**

Facebook & Instagram: **Ung Arena Bjørnafjorden**







# BUA UTSTYRSSENTRAL

I BUA Bjørnafjorden kan du låna sports- og aktivitetsutstyr heilt gratis! BUA står for barn, ungdom, aktivitet, men BUA er eit tilbod som alle kan nyta uansett alder.

Med utstyr frå BUA er det berre å setja i gong, anten du har lyst til å rulla, flyta, skli, fyka, traska, labba, klatra, dingla, hoppa, spretta, svimla eller ramla! Har du lyst til å prøva ein ny aktivitet, kan du finna ut om det er noko for deg og dine utan å gå til dyre innkjøp. Får du barnebarna på besøk eller planlegg ein aktivitet med ei gruppe, kan du få både tips og hjelp til utstyr og aktivitetar på BUA.

BUA Bjørnafjorden har mykje forskjellig utstyr som kan nyttast til ulike årstider, frå SUP-brett til sommarbruk til snøbrett og skøyter for vinteraktivitet. Du kan reservera utstyr på førehand slik at du er trygg på å få det utstyret du ønskjer. Frå starten er det utlånssentral på Osøyro, men det er målet at det òg blir eit utlånpunkt i Eikelandsosen i løpet av 2022.

For å få låna i BUA må du ha ein godkjend brukar i utlånssystemet. Er du mindreårig, må ein myndig person, altså over 18 år, vera registrert som ansvarleg låntakar i låneprofilen.

På [bjornafjorden.kommune.no/bua](http://bjornafjorden.kommune.no/bua) kan du lesa meir om BUA, sjå kva utstyr vi har til utlån og registrera eigen profil/brukar.





Foto: Fransisco Munoz/  
Bjørnafjorden kommune



# FRILUFTSLIV

Friluftslivet i Bjørnafjorden er mangfaldig, og kommunen byr på allsidig natur med sjø, elv, vatn, skog og fjell. Det finst mange tilrettelagde friluftsområde og badeplassar i kommunen vår. Dei fleste ligg ved sjøen og blir forvalta av Bergen og Omland Friluftsråd. Bjørnafjorden kommune har ein eineståande skjergard som er eit eldorado for båtliv og sjøbasert friluftsliv. Her kan du padla kajakk i smult farvatn eller ta familien med på tur til bortgymde perler.

Bjørnafjorden byr òg på fine område for skiturar i fjellet, sjekk løypevarsle i Bygdastølen ski- og tursenter.

Bjørnafjorden kommune har eit stort nettverk av skilta og merka turstiar i alle typar terreng og vanskegradar. Vi har alt frå sjønære kyststiar til løyper i høgfjell på over 1 000 moh. For dei som helst vil ha noko midt imellom har vi fantastiske turområde ved vassdraga våre, til djupe skogar i Raudlio ved Oselvvassdraget eller mystiske

Kikedalen inst i Sævareidvassdraget. Mange turforslag ligg ute på turappen [www.ut.no](http://www.ut.no)



Foto: Francisco Munoz/  
Bjørnafjorden kommune

**Friluftsområde og badeplassar**

[bjornafjorden.kommune.no/  
friluftsomrade-og-badeplassar](http://bjornafjorden.kommune.no/friluftsomrade-og-badeplassar)

**Til skiløyper**

[loyper.net](http://loyper.net)

**Dagsturhyttene**

[bjornafjorden.kommune.no/  
dagsturhyttene](http://bjornafjorden.kommune.no/dagsturhyttene)

**Turstiar:**


[www.ut.no](http://www.ut.no)

**Jakt**

[bjornafjorden.kommune.no/jakt](http://bjornafjorden.kommune.no/jakt)

**Fritidsfiske og båtutleige**

[bjornafjorden.kommune.no/  
fritidsfiske-og-batutleige](http://bjornafjorden.kommune.no/fritidsfiske-og-batutleige)





Vi har to flotte dagsturhytter som er fine turmål for kortare fjellturar. Borgabuo ligg på Borgafjellet (346 moh.) sentralt i Os-krinsen, medan du når Vetlevardhytta (326 moh.) med utgangspunkt i Eikelandsosen.

Jakt og fiske er ein populær fritidsaktivitet. Oselvo har sitt tradisjonsrike laksefiske, medan Sævareidvassdraget er kjend for røye og regnbogeaure. Det er òg mogleg å fiska i andre vatn.



Foto: Ole Henning Bø

# IDRETTSKOMMUNEN

## Breidde i idrettsfeltet

Bjørnafjorden kommune har stolte idrettstradisjonar, både sommar og vinter. Nesten uansett kva idrett du har lyst til å driva med, finn du klubben for deg her i kommunen. Du kan for eksempel prøva klatring, luftsport, motocross, ymse vassportar, friidrett, handball, kampsport, fotball, golf, volleyball, sjakk, skyting og mykje meir.

Oversikt over idrettstilbodet og kommunale og private idrettsanlegg finn du på [bjornafjorden.kommune.no/idrett](http://bjornafjorden.kommune.no/idrett). Dei tre største idrettsanlegga i kommunen ligg på Kuventræ, i Eikelandsosen og på Nore Neset. Anlegget på Nore Neset er privat og blir drifta av ei stifting, medan Os Idrettspark Bjørnafjorden KF driftar dei kommunale anlegga.

Rundt i kommunen finst det i tillegg ei rekke flotte anlegg bygd og drive av lokale klubbar og entusiastar, som for eksempel sandvolleyballanlegget i Strandvik, skytebanane på Ulven, skianlegget på Bygdastølen og seglforeininga i Kvernavika.

Nybygde skular har fine nærmiljøanlegg, og fleire eldre skuleplassar er dei siste åra oppgradert til allsidige nærmiljøanlegg som blir mykje brukt av barnefamiliar utanom skuletid.

## Idrettsrådet

Bjørnafjorden idrettsråd er ein paraplyorganisasjon som representerer alle idrettslag i kommunen som er medlem av Norges idrettsforbund. Idrettsrådet er eit viktig samarbeidsorgan for idretten og eit bindeledd mellom idrettslag og kommunen.

## Spelemidlar

Er du med i eit lag eller ein organisasjon som vurderer å søka spelemidlar for å bygga eller opprusta nærmiljøanlegg, grendahus, idrettsanlegg eller turstiar i nærområdet? Ta kontakt med kultureininga i kommunen tidleg i prosessen for å få råd og rettleiing. Les meir på [bjornafjorden.kommune.no/spelemidlar](http://bjornafjorden.kommune.no/spelemidlar)



Foto: Fransisco Munoz/  
Bjørnafjorden kommune





## Osbadet

Osbadet tilbyr eit symje - og badeanlegg til undervisning, trening, leik og oppleveling for både liten og stor. Her er det 25-meters idrettsbasseng med seks banar, stupetårn, vassklie, terapibasseng, barnebasseng, boblebad og badstove. Fleirbruksgarderobane er tilpassa rullestolbrukarar.

Sjå [osbadet.no](http://osbadet.no)

## Eikelandsosen symjehall

Opplæringsbasseng som ligg ved skule- og idrettsanlegget i Eikelandsosen. Det er ope for publikum kveldar og helg. I symjehallen er det basseng på 16,5 meter med rampe for rørslehemma, og badstover.

[bjornafjorden.kommune.no/symjehall](http://bjornafjorden.kommune.no/symjehall)







## KULTURARV OG HISTORIE

Det har budd folk i dei opne og frodige landskapa i Bjørnafjorden i meir enn 10 000 år.

Spora blir mange når vi kjem inn i bronsealder med kystrøyser som kransar fjordane og seinare majestetiske kongshaugar, båttufter og helleristningar inn mot jernalder og vikingtid.

I middelaldaren fekk vi kulturelt og økonomisk sentrum i Lysefjorden med etableringa av Lyse kloster i 1146, med kontaktar til Europa og cisterciensarordenen. I tillegg fekk vi tidleg kyrkjestedar på Osøyro, Fusa, Strandvik og Holdhus.

Andre viktige sentrum i bygdene våre var offisersgardar som Engevik, som var eit maktsentrum på 1700-talet.

Våre fjordbygder har i lange tider levd godt av skog som tidleg vart eksportert ut gjennom skottehandel, men som òg vart bearbeidd til tradisjonsbåtar, tønner og seinare tresko og møblar.

Bøndene livnærte seg med ein kombinasjon av jordbruk og fiske, men mange hadde handverk og husflid attåt. Det var båtbyggjarar i mange naust kring fjordane våre. Ei anna attåtnæring utover på 1800-talet var rosemålinga, som har fått sin karakteristiske stil i vårt område – osmålinga.

Kvinnene gjorde i lange tider det meste av det daglege arbeidet på garden – attåt arbeid med familie, tekstilar og matauk. Bjørnafjorden kan skilta med ein spesiell oppstøvvertradisjon og ein særleg vakker bunad ut på 1800-talet.

Turstiane våre i dag går ofte langs dei gamle ferdslevegane. Den gamle postvegen på Søfteland og frå Fusa til Strandvik er gode døme på slike ferdslevegar som i dag er turstiar og der du finn spor av den statlege postvegen til Stavanger, bygd på slutten av 1700-talet.

Kommunikasjonane med utomverda fekk eit løft med dampkraft og fjordabåtane frå 1860-talet og den smalspora jernbanen frå Nesttun til Os som opna i 1894, nedlagd i 1935. I same periode fekk bygdene i Bjørnafjorden ei rivande utvikling med både auka reiseliv og industrireising. Byfolket kom som sommargjester, den mest kjende er Ole Bull, som bygde sitt eventyrsłott på Lysøen. Tettstader vaks fram som Sævareid, Osøyro og Eikelandsosen.

På 1900-talet, og særleg etter 1945, har det vore ein sterk auke i folketalet i tidlegare Os kommune, der stadig fleire vart pendlarar til jobb i Bergen. I gamle Fusa kommune var det mest status quo. Hålandsdal kommune var lenge minste kommune i Hordaland, med kommunesenter på Eidegrend, før dei slo seg saman med Fusa og Strandvik i 1964, til nye Fusa kommune. I 2020 såg Bjørnafjorden kommune dagens lys – då var ringen slutta og vi var tilbake der vi starta i 1836 – med storkommunen Ous herad – men utan Samnanger.




Foto: Lokalhistorisk arkiv Bjørnafjorden



Historie og kulturarv vert skapt heile tida og er i stadig endring og utvikling. Ein historisk vev av trådar som alle bjørnafjordingar er ein del av gjennom liva våre. Kulturen blir til mens vi går.

Ta kontakt med kultureininga om du har behov for råd og rettleiing om kulturminne, kulturarv eller lokalhistorie.

Museum og kultureigedomar:  
**[bjornafjorden.kommune.no/  
kulturarv](http://bjornafjorden.kommune.no/kulturarv)**

Foto: Øyvind Gjerde



**Tilskotsportalen** – der du finn oppdatert informasjon om tilskotsordningar frå både det offentlege og privat sektor.

**Kulturmidlar** – kommunen deler årleg ut driftstilskot til lag og organisasjoner.

[bjornafjorden.kommune.no/tilskot-til-kultur](http://bjornafjorden.kommune.no/tilskot-til-kultur)





# RIKT LAGSLIV

Bjørnafjorden kommune har eit rikt lags- og organisasjonsliv. Dei frivillige laga er sjølve limet som bind det sosiale livet i lokalsamfunnet vårt saman. I lagslivet møter du folk og kan bygga og halda ved like band til andre som er så viktige for trivsel og meining i kvardagen.

Svært mange er med i velforeiningar, grendalag og andre organisasjonar som arbeider for det nære miljøet. Vi har ei rekke lag som er samlingspunkt for å dyrka personlege interesser, an ten det er hage, historie eller bridge. Bjørnafjorden har ein stolt songtradisjon – kanskje er korsong noko for deg?

Idrettsrøsla står sterkt i Bjørnafjorden. Det er den suverent største aktiviteten for barn og unge. Her finn du dei store idrettane som fotball og handball med stolte tradisjonar, men òg sterke miljø i idrettar som friidrett, skiskyting og volleyball.

Nye skot på stamma er cheerleading og klatring. I tillegg kjem dei tradisjonsrike skyttarlagene som er høgst vitale og som samlar fleire generasjonar.

Kultureininga er lagslivet si hjelpende hand i ulike spørsmål. Mange gode tiltak vert realisert i eit samarbeid mellom kommunen og frivillig sektor.

Kommunen har gode verktøy for lagslivet i Bjørnafjorden.  
[tilskotsportalen.no](http://tilskotsportalen.no).

På **friskus.com** finn du kontaktinformasjon til laga og informasjon om aktivitetar. Du kan òg bruka nettsida for å melda deg som frivillig direkte inn i aktivitetar der du har lyst å bidra.



Foto: Bjarte Haugland

# **OSEANA KUNST- OG KULTURSENTER**

Oseana kunst- og kultursenter ligg i brytinga mellom sjø og land på Mobergsneset, og her kan du oppleva unik kunst og kultur, kombinert med vakker natur, friluftsliv og god mat. Kultursal, restaurant, galleri og lokale for kurs, konferansar, møte og selskap er fordelt på 5 800 kvadratmeter. Oseana har eit av Noregs største solcellepanel, og Miljøfyrtaarn-sertifisering.

På Oseana skal du alltid kjenna deg velkommen. Her kan du oppleva kunst,

konsertar, teater, kino, god mat, dei gode stundene med vener, familie og andre.

Du er velkomen til å finna ro ved å berre vera, nyta foajéen til møte med vener, eller nyta utsikta åleine med ein god kopp kaffi.

## **Griegsamlingen**

Griegsamlingen er ei kunstsamling eigd av Grieg-familien og Grieg Foundation. Griegsamlingen er også namnet på det storståande rommet som

husar samlinga i Oseana. Samlinga inneheld sentrale namn frå norsk kunsthistorie. Kunstsamlinga til Per Grieg sr. dreidde seg i starten rundt det han sjølv refererer til som «ein gullalder i norsk målarkunst».

Samlinga inneheld no verk av sentrale kunstnarar frå ulike periodar i norsk kunsthistorie, norske samtidskunstnarar og kunstnarar med tilknyting til Vestlandet. Hvelvet er eit mindre rom for skiftande utstillingar. [oseana.no](http://oseana.no)

Foto: Ole Henning Bøe







Les meir om kulturskulen sine tilbod og korleis du  
søkjer plass på **[bjornafjorden.kommune.no/kulturskulen](http://bjornafjorden.kommune.no/kulturskulen)**



# BJØRNAFJORDEN KULTURSKULE

Bjørnafjorden kulturskule blei oppretta i 2019, etter at kulturskulane i Os og Fusa kommunar hadde samarbeidd sidan 2015. Skulen har eit breitt kulturtilbod til barn og unge i alderen 0 til 20 år og har dei siste åra oppretta tilbod innan visuelle kunstfag og musikkteknologi.

Kulturskulen har ei stor danselinje med elevar frå nybegynnalar til fordjupingsklassar. Bjørnafjorden kulturskule har også tilbod for dei under skulealder med «Musikk frå første stund» for babyar og «Musikkleik» for 4- og 5-åringar.

Introduksjonstilbodet Kulturkarusell er for dei som akkurat har begynt på skulen og vil prøva forskjellige aktivitetar. Kulturskulen tilbyr individuell musikkundervisning

på mange instrument, songundervisning og kor. Undervisninga går føre seg i Oseana, Os Aktiv, i eigen dansesal, Fjorden arena og på fleire av skulane i kommunen.

Bjørnafjorden kulturskule samarbeider med Oseana kunst- og kultursenter

om formidlingsprosjektet Friskunst. Her får skuleelvar frå kommunen besøka Oseana for kunst- og musikkopplevingar.

Kulturskulen har to pedagogar som har ansvar for dette tilbodet.



Foto: Vidar Langeland



# SKÅTUN VVS AS



**FG** FORSIKRINGSELSKAPENES  
GODKJENNELSENEVND

**Skåtun VVS AS er en rørteknisk entreprenør som innehar høy kompetanse og lang erfaring med privatmarked og proffmarked.**  
Skåtun VVS AS utfører sanitær, varme og kjøleanlegg, trykluft, offentlige VA-anlegg. Vi er også FG-godkjent for sprinkleranlegg som utførende, prosjekterende og kontrollerende. Vår styrke er kapasitet og gjennomføringsevne, HMS og kvalitet, faste ansatte.


### Ta kontakt !


Vinnesvegen 71, 5641 Fusa I Magne Skåtun 975 46 797  
Telefon 56 58 10 70 I post@skaatun.no I [www.skaatun.vvseksperten.no](http://www.skaatun.vvseksperten.no)



# AMFI os

Åpningstid:  
10 -21 og 45 butikker





## **Det er billigere å tenke seg om, enn å bygge om.**

Xrgy har en unik kompetanse på å bygge opp systemmodeller som man kan regne på under ulike forhold og betingelser, man kan endre på dem, legge inn nye elementer, ta ut deler og på den måten komme frem til en løsning som fungerer under alle forhold med best mulig utnyttelse av energien man bruker.

Vi gjør dette på nye systemer og på eksisterende systemer i som skal feilfinnes og optimaliseres.

Det er i planleggingen at man må gjøre slikt, for det er mye billigere å endre på en modell, enn å endre på et anlegg når det er bygget.

### **En ble til fire**

På et notvaskeri på Måløy hadde de kapasitetsproblemer og sto overfor å skulle bygge en ny tørkehall. F-Tech fra Bergen ba oss hjelpe med beregningene. Sammen med Øen Kuldeteknikk fra Hornindal fant vi en tørkeløsning som baserer seg på kondens- og ab-sorpsjonstørking i stedet for oppvarming.

Ikke alene fikk kunden redusert energiregningen sin til det halve, men produksjons-kapasiteten i den eksisterende tørkehall gikk opp til det dobbelte.

Derved sparte man ikke alene mye på energisiden, men man slapp også å bygge en ny tørkehall.

### **Landbasert oppdrett. Maskinbehov, energibehov og drift.**

I samarbeid med Multiconsult ASA har vi utviklet et modelleringsverktøy for landbasert oppdrett. Det gir sikrere grunnlag for dimensjonering, seneste tilfelle kunne vi redusere maskinparken til klimakontroll med 35%. Ved å teste ulike måter å drifta på kan man i tillegg redusere energibehovet til mellom 50% - 75% av det opprinnelig forventede. Slik modellering gir også bedre forståelse av hvordan anlegget bør driftes.

**Det er mye billigere å endre og teste ting i en modell fremfor i virkeligheten.**



Strandvikvegen 542, 5643 Strandvik, Norge | E-post: gert.nielsen@xrgy.no  
Tlf.: +47 924 82 762 | www.xrgy.no



**BJØRNAFJORDEN  
HAGE & ANLEGG**

**Utfører alt innen  
hage og utomhusarbeid**

Tlf: 41854855  
Mail: bfhage@gmail.com

**KIWI** mini  
pris [kiwi.no](http://kiwi.no)



# Bunadbutikken

- Levende Tradisjoner -



Vi håndsyr de fleste av våre lokale bunader og  
vi er leverandør av et stort utvalg tilbehør til  
din dame- eller herrebunad.

Telefon 56 57 66 83 • [www.bunadbutikken.net](http://www.bunadbutikken.net)



**Bjørnafjorden**  
**Bunad & Handverksloft as**

Tlf: 900 34 525 - Hegglandsdalsvegen 525

Handverksloftet er kursarrangør i bunadsøm  
og andre håndverksteknikker.

## Velkommen til oss i Brugata 10

Vårt kontor på Os er en rådgivingsfilial hvor du kan få hjelp av våre dyktige rådgivere til forsikring, sparing og lån.



Sjekk oss ut



post@moldestadfjellsprengning.no  
Tlf: 46428174



Jordmorsvingen 4, 5200 Os • Tlf. 563 01 270  
E-post: post@bjoarvik.no • www.bjoarvik.no

Vår erfaring, din trygghet

Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon:  
56 57 49 50

Brugata 50, Os

Jorunn Moberg  
Agnetha Øvreeide

TOTALLEVERANDØR AV  
UTEANLEGG, OPPARBEIDING AV HAGER  
OG UTEPLASSER



www.agsm.no • Tlf. 992 78 194



35 ÅR MED DRIKKEVATN • AKVAKULTUR • PROSESSVATN

#### VÅRE KUNDAR:

- |  |  |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li>[blue square] Hus og hytter</li><li>[blue square] Vassverk</li><li>[blue square] Utbyggjarar</li><li>[blue square] Settefiskanlegg</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>[blue square] Foredlingsanlegg</li><li>[blue square] Industri</li><li>[blue square] Brønnbåtar</li><li>[blue square] Forsvar</li></ul> |
|--|--|

DI LOKALE VERKSEMID:  
3D • PROSJEKTERING • PRODUKSJON • MONTERING • SERVICE

[www.unikwater.com](http://www.unikwater.com) | [webmaster@unikwater.com](mailto:webmaster@unikwater.com) | /Tlf: 56 56 55 60



Solcelleexpert

Lei dyr strøm?  
La oss hjelpe deg!

Morten Folkmann | Mob: +47 412 67558 | [www.facebook.com/www.solcelleexpert.no](http://www.facebook.com/www.solcelleexpert.no) | [www.solcelleexpertno](http://www.solcelleexpertno)



Eit allsidig firma som tar på seg både små og store oppdrag, alt innen graving, knusing av stein, massetransport og muring.



SPAR Nore Neset

Ulvenvegen 373, 5217 Hagavik  
Tlf. 56 30 08 00  
E-post: [spar.nore.neset@spar.no](mailto:spar.nore.neset@spar.no)



Borgavegen155, 5211 Os  
Telef: 56 30 55 60  
[post@osdyreklinikk.no](mailto:post@osdyreklinikk.no)  
[www.osdyreklinikk.no](http://www.osdyreklinikk.no)





# RØRLEGGERIET OS

Holtbrekka 7, 5200 Os

Tlf: 56 30 09 37

Mail: marianne@roer-os.no

[www.bademiljo.no](http://www.bademiljo.no)



## BLIKKENSAGEREN PÅ OS SIDEN 1902!

Vi utfører alt innen alt innen tak, ventilasjon,  
blikkenslager- og tømerertjenester.



Tlf. 56 30 04 81 • E-post: [post@bjoroblikk.no](mailto:post@bjoroblikk.no) • [www.bjoroblikk.no](http://www.bjoroblikk.no)



**StabbenShipping AS**

Tlf: 974 22 807

Mail: [paalgunnar@stabbenshipping.no](mailto:paalgunnar@stabbenshipping.no)



## Vi har arbeidskraften du trenger!

Din samarbeidspartner innen rekruttering og bemanning.



Ta kontakt med oss på telefon (+47) 404 85 594 eller epost: [kristian@medio-as.no](mailto:kristian@medio-as.no)

[www.medio-as.no](http://www.medio-as.no)



## BORERIGGSPESSIALISTEN I VEST!

### SERVICE

Vi utfører service på borerigger og andre anleggsmaskiner.

### REPARASJONER

Våre dyktige mekanikere står alltid klar for å hjelpe deg!

### DELELAGER

Vi tilbyr salg av deler, maskiner og vedlikeholdsprodukter.



Hegglandsdalsvegen 257, 5211 Os  
Tlf. 90 61 61 72 • post@riggservicevest.no  
[www.riggservicevest.no](http://www.riggservicevest.no)



# EXTRA

Åpningstid: 07-23 | Adresse: Øyro 59, 5200 Os

# VestProfiling

- Arbeidsklær
- Profilkjær
- Logomerking
- Firmagaver
- Premier
- Gravering
- Brodering
- Profileringsartikler



Mob: 930 99 222  
Tlf: 56 30 70 70  
[post@vestprofiling.no](mailto:post@vestprofiling.no)  
[www.vestprofiling.no](http://www.vestprofiling.no)



# Os Marineservice

Hvis din båt fikk velge...



Raymarine FLIR Webasto



Bjørnavegen 31, 5208 Os • Tlf. 56 30 97 97  
E-post: post@osmarineservice.no • www.osmarineservice.no

**STRANDVIK**  
Transport og Maskin AS  
# 5643 STRANDVIK strandvik.no post@strandvik.no  
56 58 21 11 900 12 126

**NORMO**  
automasjon as

Industrivegen 49, 5210 Os  
post@normoautomasjon.no  
Tlf: 906 63 685 | www.normoautomasjon.no



**BJØRNAFJORDEN**  
GRAVFERDSHJELP

E-post post@bjornafjordengravferdshjelp.no  
Telefon 56 30 50 00 | www.bjornafjordengravferdshjelp.no

Visste du at  
Bjørnafjorden kommune har  
Norges største  
**pannekakeutsalg?**

Prøv Norges mest solgte varme  
fleskepannekake fra oss!



Langedalen 3, 5212 Søfteland • Tlf. 900 80 222





NATURKOST OS



## DET NATURLIGE VALGET

VI BRYR OSS OM DEG OG MILJØET

Vi har: Økologiske matvarer, Kosttilskudd  
Kvalitetssjokolade fra Jentene på Tunet og Summerbird  
Naturlig hudpleie, Treningsprodukter  
Naturlige rengøringsprodukter uten kjemikalier

Bra for deg og bra for miljøet!

Vi holder til på Amfi Os  
Prestegårdskogen 2, 5210 Os  
Tlf: 46 90 40 80 | Mail: naturkost-os@outlook.com



# Skaathun Bilverksted AS

Vi har over 30 års erfaring i faget  
og våre ansatte er spesialister  
som har nødvendig kompetanse  
og utstyr som kreves for å reparere  
din bil på best mulig måte.


**EU-kontroll • Hjulstilling  
Service • Lakking  
Karosseri • Bilglass**

Industrivegen 89, 5210 Os • Tlf. 56 57 48 88

E-post: post@skaathunbilverksted.no

[www.skaathunbilverksted.no](http://www.skaathunbilverksted.no)

# Mekonomen



Kompetent,  
open og modig

Vi kan tilby følgjande utdanningsprogram:

- **Bygg- og anleggsteknikk**
- **Elektrofag**
- **Helse- og oppvekstfag**
- **Sal, service og reiseliv**
- **Teknologi og industrifag**

Vi tilbyr også **Vg3 Påbygg til generell studiekompetanse, samt opplæring og arbeidstrening for tilrettelagte grupper.** Nokre av utdanningsprogramma våre er landslinjer som tek imot elevar frå heile Noreg.

Vi tilbyr framtidsretta utdanning

Vi byggjer gode relasjoner

Vi fremjar god helse.



Os vgs.  
Vestland fylkeskommune





## IRISTANNLEGENE

Vi holder til i moderne og trivelige lokaler i Irisgården på Osøyro.

Hos oss finner du fem allmennpraktiserende tannleger, tannpleier og spesialister i rotbehandling og tannkjøtsbehandling.

Telefon 56 30 04 79 • [www.iristannlegene.no](http://www.iristannlegene.no)





# OS GYMNAS

Bjørnafjordens springbrett til høgare utdanning.

## Hos oss får du:

- Framtidsretta utdanning i eit inspirerande læringsmiljø.
- Engasjerte lærarar som bryr seg om elevane.
- Eit trygt og inkluderande elevmiljø.
- God rådgjeving om vidare studiar.
- Tilrettelegging for utveksling til utlandet.
- Vi skor deg best for vidare studiar mot framtidas yrke!

Vi tilbyr studiespesialiserande utdanningsprogram med idrettsfag. Våre fagtilbod opnar vegen til alle typar høgskular og universitet i Noreg og i utlandet.



Følg oss på  
*Instagram*



# KONTAKT OSS

Bjørnafjorden kommune  
Postadresse  
Postboks 24  
5649 Eikelandssosen

Besøksadresse  
Bjørnafjorden rådhus  
Torggata 7  
5200 Os

Telefon sentralbord: 56 57 50 00  
E-post: post@bjornafjorden.kommune.no  
[www.bjornafjorden.kommune.no](http://www.bjornafjorden.kommune.no)



KOMMUNE



Fusa vgs.  
Vestland fylkeskommune

På Fusa vidaregåande tilbyr me følgjande utdanningsprogram:

#### YRKESFAGLEG vg1

- Helse- og oppvekst
- Naturbruk
- Restaurant og matfag
- Teknologi og industrifag

#### YRKESFAGLEG vg2

- Helsefagarbeidar
- Barne og ungdomsarbeidar
- Akvakultur
- Kokk og servitør
- Industrieknologi

#### YSK/TAF

(fagbrev + studiekomp. m/realfag)

- YSK/TAF-HELSE
- YSK/TAF-MARIN
- YSK/TAF-RM (kokk/servitør)
- YSK/TAF-TIP (mekanisk)
- YSK/TAF-TIP (automasjon)

#### STUDIEFØREBUANDE

- Kunst, design og arkitektur  
vg1, vg2, vg3

**KOMPETENT • OPEN • MODIG**